

# Høyringsnotat – forslag til ny ekomlov § 17-1 om gebyr og sektoravgift og ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (sektoravgiftsforskrifta)

## 1. Bakgrunn for høyring

### 1.1. Forslag til ny ekomloven § 17-1

Det er ingen klar heimel i gjeldande ekomlov eller sikkerhetslov til å pålegge sektoravgift for arbeid utført etter sikkerhetsloven, og departementet føreslår at en slik heimel inkluderast i ny ekomlov § 17-1 fyrste ledd. Kravene til sikkerhet og beredskap i ekomloven og sikkerhetsloven utfyller hverandre og arbeidet med innhenting av informasjon, og tilsynsførsel er til en viss grad overlappende. Når Nasjonal kommunikasjonsmyndighet fører tilsyn eller avholder øvelser med tilbydere underlagt sikkerhetsloven gjøres disse tilsyna etter både sikkerhetsbestemmelsene i ekomloven og sikkerhetsloven. Det er derfor tenleg å ta inn heimel for sektortilsyn etter sikkerhetsloven saman med tilsyn etter ekomloven sine sikkerheitsføresegner i ekomloven.

Forslag til ny ekomlov § 17-1 og merknad ble sendt på høyring 2. juli 2021 saman med forslag til ny ekomlov. I tilleggshøyring til ny ekomlov 8. juli 2022 om datasenterregulering, blei det reistforslag om ei endring i ny ekomlov § 17-1 andre ledd som gjaldt datasenteroperatør. Endringa i fyrste ledd som no sendast på høyring gjeld oppgåvene som Nasjonal kommunikasjonsmyndighet utfører som sektormyndighet for ekomsektoren og datasenternæringa etter sikkerhetsloven. Innspel i høyringa bes avgrensa til nye element. Gjeldande ekomlov har målforma bokmål, og merknaden til § 17-1 er difor i same målform.

### 1.2. Sektoravgiftsforskrifta

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) er i hovudsak finansiert av sektoravgifter og gebyr frå post- og ekombransjen og andre som brukar Nkoms tenester. Det er som følge av utviklinga i samfunnet og marknadane behov for å gjere ei rekke justeringar i forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (sektoravgiftsforskrifta). Departementet foreslår difor ei ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet som skal sikre ein betre og meir oppdatert fordeling mellom dei som betaler sektoravgifter og gebyr. Nkom har på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet, gjennomført ei ny ressursmåling som dannar grunnlag for endringane som blir foreslått i ny forskrift. Endringane skal også gi dei som betaler sektoravgifter og gebyr auka transparens og rettsvisse.

Finansdepartementet sitt rundskriv R-112/15 om statleg avgiftsfinansiering ligg til grunn for sektoravgiftsforskrifta. Det følger av rundskrivet at formålet bak sektoravgift er heilt eller delvis å finansiera utgiftene til bestemte tiltak. Satsane skal fastsetjast slik at sektoravgifta oppfyller finansieringsformålet sitt, og det skal ikkje krevjast inn for mykje. Satsar skal justerast for å tilpasse til inntektsmålet.

Nkom får stadig fleire oppgåver, noko som mellom anna skyldast den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa og Nkom sin innsats i totalforsvaret, i kombinasjon med auka merksemd rundt robust og sikker digital infrastruktur. Det gjer at ressursbruken innanfor sikkerheitsområdet er aukande. Klimautfordringar og auka nettkriminalitet stiller også auka krav til myndighetsutøvinga. I tillegg Nkom får nye oppgåver. Til dømes er tilsyn av datasenternæringa foreslått lagt til Nkom (jf. departementets høyring frå juli 2022).

Ressursbruken på andre delar av Nkom sitt virke går noko ned. Nkom har til dømes over tid arbeidd med å effektivisere handteringa av frekvensløyve og andre løyve, noko som gjer at ressursbruken knytt til dette arbeidet går ned og sektoravgiftane kan reduserast.

Når det gjeld postområdet så er det ein nedgang i brevsendingar, og ein sterk auke i pakkemarknaden. Dette bidreg til auka ressursbruk på postområdet og ein auke i desse sektoravgiftene.

Prisane i føresegnene endrast både for å reflektere dette, og for å speile prisendringar i samfunnet generelt. Prisane vil også kunne justerast når forskrifta er fastsett og i kraft for å reflektera løyvingar i statsbudsjetta framover. Prisane i forskrifta vil mellom anna i tråd med praksis justerast i lys av statsbudsjettet for 2024.

Forskrifta gjennomfører saman med postloven, lov om elektroniske tillitstenester, ekomloven og bredbåndsutbyggingsloven følgjande rettsakter frå EU; tredje postdirektiv 2008/6/EF, eIDAS-forordningen (EU) nr. 910/2014, autorisasjonsdirektivet 2002/20/EU og bredbåndsdirektivet 2014/61/EU. Departementet gjer merksam på at ekomdirektivet (EU) 2018/1972 mellom anna erstattar autorisasjonsdirektivet 2002/20/EF. Ekomdirektivet er tatt inn i EØS-avtalen med atterhald om Stortinget si godkjenning. Forslaga til endring i sektorgebyrforskrifta vil også oppfylle ekomdirektivet sine krav til administrasjonsgebyr.

## **2. Merknad til ny ekomlov § 17-1 første ledd**

Den foreslåtte bestemmelsen viderefører gjeldende ekomlov § 12-1 og gjennomfører ekomdirektivet artikkel 16. Bestemmelsen gir også hjemmel for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet til å pålegge sektoravgift og gebyr for oppgavene som etaten utfører som sektormyndighet for ekomsektoren og datasenternæringen etter sikkerhetsloven. Dette gjelder overfor tilbydere og datasenteroperatører som har ansvar for grunnleggende nasjonale funksjoner og derfor underlegges sikkerhetsloven. Sikkerhetsarbeidet etter sikkerhetsloven og ekomloven griper langt på vei over i hverandre, i den forstand at begge lovene legger til rette for forsvarlig sikkerhet for brukerne.

Kostnader knyttet til utførelsen av Nasjonal kommunikasjonsmyndighets forvaltningsoppgaver finansieres i henhold til de årlige budsjettvedtakene fra Stortinget gjennom pålegg om sektoravgifter og gebyr. Blant forvaltningsoppgavene som kan finansieres på denne måten er kostnader knyttet til sektorspesifikt tilsyn med aktører i markeder for utstyr for elektroniske kommunikasjonsnett og -tjenester, aktørene i markeder for radio- og terminalutstyr og oppgaver knyttet til forvaltning av frekvens-, nummer-, navne- og adresseressurser. Mye av arbeidet som Nasjonal kommunikasjonsmyndighet utfører etter sikkerhetsbestemmelsene i ekomloven og som sektormyndighet etter sikkerhetsloven, griper inn i hverandre. Departementet foreslår derfor at det inntas en hjemmel til å pålegge sektoravgift og gebyr for oppgavene som Nasjonal kommunikasjonsmyndighet utfører som sektormyndighet for ekomsektoren og datasenternæringen etter sikkerhetsloven. Tilsvarende ordning foreslås for datasenternæringen som nå foreslås regulert i § 3-7. Departementet mener at dette følger de samme prinsippene om tilsyn som gjelder i § 3-10.

Pålegg om sektoravgifter og gebyr skal i minst mulig grad virke konkurransevridende eller bidra til å skape etableringshindringer. Sektoravgifter og gebyr skal ilegges det enkelte foretak på en objektiv måte som sikrer innsyn og proporsjonalitet, og som tar sikte på at ytterligere administrasjonskostnader og tilhørende sektoravgifter og gebyr blir så lave som mulig. Modellen for innkreving av sektoravgift og gebyr skal være objektiv, transparent og proporsjonal. Dette innebærer at fordeling av gebyr og sektoravgifter mellom aktørene skal fastsettes basert på objektive kriterier, for eksempel omsetning. Det kan være aktuelt å fordele sektoravgiften etter andre kriterier eller en kombinasjon av kriterier, dersom dette resulterer i en bedre forholdsmessig fordeling av sektoravgiften. Videre innebærer det at aktørene som pålegges sektoravgift eller gebyr skal ha tilgang til detaljert nok informasjon til å kunne kontrollere sammenhengen mellom det de betaler og utgifter til forvaltningsvirksomheten.

Summen av det som kreves inn av gebyr og sektoravgifter skal være i overensstemmelse med Nasjonal

kommunikasjonsmyndighets utgifter. Disse varierer noe fra år til år. Det er derfor behov for regelmessige justeringer av de detaljerte reglene om sektoravgifter og gebyr, noe som best gjøres i forskrift.

Bestemmelsens *første ledd* gir hjemmel til å kreve sektoravgift og gebyr til dekning av Nasjonal kommunikasjonsmyndighets kostnader til forvaltningsoppgaver. Vilkår for statlig gebyr- og avgiftsfinansiering følger av Finansdepartementets rundskriv R-112/15. Bestemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering. Plikten til å betale gebyr gjelder den som mottar en tjeneste, og innebærer at mottakeren ikke skal betale mer enn kostnaden av å produsere og levere tjenesten. Sektoravgift blir benyttet til å finansiere fellestiltak for næring eller en sektor der sektoravgiften blir betalt av aktører som hører til eller har nær tilknytning til sektoren, for eksempel i forbindelse med virksomheten til tilsynsorganer. De samlede inntektene fra sektoravgiftene skal ikke overstige kostnadene ved tiltaket eller virksomheten som sektoravgiften skal finansiere. Sektoravgift og gebyr skal først og fremst betales for kostnader som påløper hos Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, men det kan i noen tilfeller også være relevant å pålegge dekning av kostnader hos andre som er delegert myndighet etter loven.

### **3. Merknader til forslag til ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet**

#### **Til § 1. Formål**

Formålet i gjeldende forskrift blir foreslått videreført. Det blir i tillegg foreslått å ta inn ei tilvising til lov om tilrettelegging for utbygging av høyhastighetsnett for elektronisk kommunikasjon (bredbåndsutbyggingsloven) for å gjere formålet meir fullstendig. Tilsvarande føreslår departementet ei tilvising til sikkerhetsloven.

#### **Til § 2. Fordelinga mellom aktørane**

Sektoravgifta blir berekna etter anslått ressursbruk for oppgåvene Nkom utfører. Nkom vil gjennomføre årlege ressursmålingar, og målingane går føre seg ved at tidsbruken til kvar enkelt tilsett i fagavdelingane blir fordelt på dei ulike forvaltningsområda. Kvar eining utfører berekninga knytt til tilsette i eiga eining, basert på kor mykje ressursar som blir nytta til saksbehandlinga for kvart område. Vurderinga anslår ressursbruken over eit heilt år. Ressursbruk knytt til felles administrative oppgåver blir fordela på tilsvarande måte som fordelinga i fagavdelingane.

Nkom har dei seinare åra jobba med å implementere ny strategi og strategiske satsingsområde. Basert på utviklinga i marknaden og endra samfunnsbehov er det gjennomført ei dreining av ressursbruken som påverkar arbeidet Nkom gjer på dei ulike forvaltningsområda.

Departementet føreslår å auka delen som vert betalt i sektoravgift etter *andre ledd nummer 1*, frå 48,2 til 53,7 prosent. Gitt 2023-løyvinga utgjer dette om lag 15 mill. kroner, noko som vil seie ein auke på om lag 11 prosent for nummer 1.

I høyringa til ny ekomlov blir det foreslått å regulere datasenterbransjen. Under føresetnad av at reguleringa blir vedteken av Stortinget, skal Nkom også føre tilsyn med datasenterbransjen. Noko av auken i nummer 1 skal fordelast til datasenteroperatørar, som blir foreslått teke inn som nytt punkt under dette forvaltningsområdet. Det er førebels usikkert kor stor del av dei 53,7 prosentane som skal betalast av datasenterbransjen, da dette vil avhenge av kor mykje arbeid datasenterområdet vil generere hos Nkom.

Nkom har over tid arbeidd med å effektivisere handteringa av frekvensløyve og andre løyve, noko som gjer at ressursbruken knytt til dette arbeidet er redusert for visse forvaltningsområde i nummer 2 og 3. Målingar av ressursbruken viser lågare ressursbruk enn ved tidlegare målingar, noko som også heng saman med auken knytt til nummer 1 og

4. Departementet føreslår difor å redusera delen som vert betalt i sektoravgift etter *andre ledd nummer 2*, frå 40,6 prosent til 35,5 prosent og etter andre ledd nummer 3 frå 8,4 prosent til 7,3 prosent. Når det gjeld nummer 2, er det også føreslått ei presisering av at Nkom i tillegg til å krevja inn gebyr og sektoravgift frå innehavarar av frekvensløyve, tek inn sektoravgift i samband med koordinering av satellittsystem.

I *andre ledd nummer 3* føreslår departementet å ta ut områda som gjeld nasjonal godkjenning av radio- og terminalutstyr samanholt med gjeldande rett. Det heng saman med at departementet føreslår å ikkje vidareføre gjeldande § 21 om andre sektoravgifter eller gebyr. Sjå meir om dette i merknadane til § 20. Omgrepet «Autoriserte installatørar» endrast til «autorisert verksemd», som harmoniserer med ordbruken i § 21 om sektoravgift for autorisert verksemd.

For å løyse aukande oppgåveomfang innanfor postområdet, har det vore nødvendig å styrkje forvaltningsområdet som gjeld post. Dette kjem også til uttrykk i gjennomført ressursmåling, jf. utdjuping ovanfor. Målinga har vist at det blir brukt meir ressursar på postområdet enn det Nkom hentar inn i sektoravgifter frå posttilbydarane. Sjølv om postområdet opplever ein nedgang i brevsendingar, er det ein sterk auke i pakkemarknaden. Auka ressursbruk på postområdet gjer det naudsynt å auke sektoravgiftene for forvaltningsområde i *nummer 4* (§ 11). Departementet føreslår å auke delen som vert betalt i sektoravgift etter andre ledd nummer 4 frå 2,8 til 3,4 prosent. Gitt 2023-løyvinga utgjer dette om lag 1,6 mill. kroner, noko som vil seie ein auke på om lag 21 prosent. Justeringane inneber ein auke i sektoravgift for posttilbydarar. Departementet understrekar at auken speglar graden av arbeid Nkom gjer på dette forvaltningsområdet, jf. ressursmålinga.

Departementet føreslår også endringar av språkleg karakter for å presisere at statsbudsjettet fastslår summen av sektoravgift og gebyr som Nkom kan krevja inn. Omgrepet utgiftsløyve blir foreslått erstatta med inntektsløyve, fordi det er denne løyvinga som faktisk fastslår kor mykje som skal takast inn frå aktørane.

### **Til § 3. Fordelinga mellom sektoravgifter og gebyr**

Føresegna er ei vidareføring av § 3 i gjeldande forskrift.

### **Til § 4. Periode for sektoravgift og gebyr**

Føresegna er ei vidareføring av § 4 i gjeldande forskrift.

### **Til § 5. Regulering av beløp og satsar**

Departementet føreslår ingen endringar i § 5 frå gjeldande rett. Departementet understrekar at prisane skal frå no av oppdaterast årleg direkte i føresegnene. Slike endringar i føresegnene skal no som før kunne gjerast utan høyring av prisendringane, jf. ordlyden i paragrafen.

### **Til § 6. Sektoravgift og gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresser**

Det blir føreslått enkelte mindre endringar i føresegna samanlikna med gjeldande rett, mellom anna nokre språklege justeringar.

I *første ledd nummer 3* føreslår departementet at sektoravgifta for 5-sifra nummer blir sett ned frå kr. 2 500 til kr. 2 000 for kvart nummer, som følgje av at Nkom har lagt til rette for ei meir automatisert sakshandsaming av slike tildelingar. Arbeidet med tildeling av slike nummer vil krevje eit mindre pådrag av ressursar for Nkom framover.

Det blir også føreslått at sektoravgift for løyve til å bruke Q.708 punktodar ikkje skal vera uavhengig av kor mange punktodar som blir disponerte, men per eining som blir

disponert. Grunnen til denne endringa er å sikre ei meir effektiv utnytting av nummerressursen.

#### **Til § 7. Sektoravgift for tillitstenester**

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett.

#### **Til § 8. Sektoravgift for verksemd som deler ut domenenamn**

Departementet føreslår å ta ut tilvisinga til ekomloven og domeneforskriften som står i gjeldande rett. Endringa er kun redaksjonell, og skyldast at heimlar er samla i byrjinga av forskrifta. Elles er det ingen endringar.

#### **Til § 9. Sektoravgift for tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste**

Føresegna er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande § 9, men det er gjort justeringar i ordlyden og teke inn eit nytt heimelsgrunnlag for Nkom til å fastsetja nærare om kva som inngår i relevant omsetning.

Det følgjer av ekomloven at Nkom kan fastsetje og krevje inn sektoravgift, og dette blir synleggjort i *første ledd*. I tillegg er det er teke inn ei tilvising til ekomloven § 12-1 [forslag til ny ekomlov § 17-1] som er lovgrunnlaget for å innhente sektoravgifter på ekomområdet. Det gjeld også for arbeid som Nkom gjer som sektormyndigheit etter sikkerhetsloven. I ny ekomlov foreslår departementet å presisere heimelen for gebyr og sektoravgift slik at det kjem klart fram at Nkom kan ta inn desse sektoravgiftene.

I *andre ledd* er ei feil tilvising til ein annan paragraf i denne forskrifta korrigert. Det er vidare fjerna noko tekst i siste del av leddet i lys av at fordelinga av sektoravgift mellom tilbydarar blir dekt i tredje ledd. Andre ledd viser også til at sektoravgifter som blir pålagt datasenteroperatørar vil bli trekt frå beløpa som blir pålagt tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste (i tillegg til at sektoravgifter frå dei som får løyve til bruk av namn, nummer og adresse, betaler for tillitstenester og betaling frå verksemdar som deler ut domenenamn, også blir trekt frå).

*Tredje ledd* fastset at sektoravgifta skal fordelast forholdsmessig, og at relevant omsetning skal leggjast til grunn ved fordelinga. Dette vidarefører gjeldande rett og samstundes presiserast at omsetning knytt til innhald ikkje blir rekna som relevant omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste, sjå nærmare grunngjeving i merknad til sjetten ledd i føresegna.

Gjeldande rett blir vidareført når det gjeld innhaldet i omgrepa «eksternt sal» og «konsern». Desse omgrepa vart nærmare forklart i høyringa til departementet av endringar i forskrifta i 2016:

##### *«2. Eksternt sal i konsern eller selskap*

*I utgangspunktet er kvart føretak ein juridisk person og eit eige sektoravgiftssubjekt som skal betale sektoravgift som er utrekna på grunnlag av omsetninga til føretaket. Det følgjer likevel av den gjeldande forskrifta § 6 andre ledd tredje punktum at "[r]elevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og- teneste, mellom anna sluttbrukaromsetning for eksternt sal i konsern eller selskap (...)". Departementet forstår med denne presiseringa at sal til selskap i same konsern eller sal mellom einingar innafor same føretak ikkje skal reknast som relevant omsetning. Det synest nødvendig å vidareføre denne presiseringa, og departementet meiner at ho vert endå viktigare dersom praksisen vert lagd om slik at omsetninga på grossistnivå i større grad inngår i relevant omsetning. Presiseringa hindrar at omsetning frå sal av grossistprodukt frå eitt konsernselskap til eit anna i same konsern inngår i relevant omsetning. Eit konsernforhold er kjenneteikna av at*

*eit selskap har avgjerande makt over eitt eller fleire andre selskap.*

*Konserndefinisjonen i lov om aksjeselskaper § 1–3 og lov om allmennaksjeselskaper § 1–3 føreset at morselskapet er eit norsk aksjeselskap. I utgangspunktet vil konsernomgrepet i aksjelova og allmennaksjelova difor ikkje omfatte tilfelle der eit utanlandsk selskap representerer fleirtalet av røystene. I samanheng med denne forskrifta bør ein nytte eit meir vidfemnande konsernomgrep.*

*Omsetning frå sal frå eitt konsernselskap til eit anna i same konsern bør kunne fritakast sjølv om morselskapet ikkje er heimehøyrande i Noreg, dersom salet vert gjort mellom to selskap som begge er heimehøyrande i Noreg.»*

Botnfrådraget i *fjerde ledd* er justert opp frå 35 mill. kr. til 43 mill. kr. som følgje av auka omsetning i marknaden.

Nkom har gode erfaringar med å nytte omsetning som grunnlag for fordeling av sektoravgift. I *femte ledd* blir det likevel opna for at også andre kriterium kan leggjast til grunn for fordelinga dersom omsetning ikkje lenger vil vera eit eigna kriterium.

*Sjette ledd* i føresegna er ny. Her får Nkom ein heimel til å fastsetja kva for ei relevant omsetning som skal leggjast til grunn for utrekninga av sektoravgifta i eit vedtak. Bakgrunnen for dette behovet er at ekomlova § 12-1 [forslag til ny ekomlov § 17-1] gir Nkom heimel til å kunne krevja sektoravgift til «dekning av kostnader knyttet til forvaltningsoppgaver etter denne lov». Det saklege verkefeltet til lova er verksemd knytt til elektronisk kommunikasjon, som litt forenkla kan seiast å vera formidling av elektromagnetiske signal i eit trådløst eller kabelbunde system. Problemstillinga er likevel at tilbydarar av elektroniske kommunikasjonstenester ofte sel elektroniske kommunikasjonstenester og innhald som ein pakke til sluttbrukarane, til dømes TV-tenester. Innhald er i utgangspunktet ikkje regulert av ekomlova, og dette talar for at omsetning knytt til innhald, ikkje bør takast med i fastsetjinga av relevant omsetning. Noko som også er reflektert i forskrifta der det i tredje ledd kjem fram at “Relevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste”. Avgrensinga utløyser eit behov for å skilja omsetning som kjem frå ekommarknaden, med omsetning som kjem frå sal av innhald for å berekna sektoravgifta. Gjeldande praksis er at Nkom har utarbeidd ei rettleiing i samband med innhenting av opplysningar til ekomstatistikken der inntekter av TV-tenester er nærare beskrivne. Denne måten å gjera det på gir likevel liten grad av transparens for tilbydarane og moglegheiter for kommentarar. Vidare vil den nærare avgrensinga av kva som er relevant omsetning, kunna påverka storleiken på sektoravgifta som skal betalast av tilbydarane og dermed kunna vera «bestemmande for rettar til private personar», jf. forvaltningslova § 2. Desse momenta talar for at den nærare avgrensinga bør skje i eit enkeltvedtak. Den nærare avgrensinga kunne ha vore i sjølve forskrifta, men i lys av at tilbydarane ofte kjem med nye pakkar eller endrar pakkar av tenester og innhald, vil dette vere lite dynamisk. Det blir derfor føreslått at Nkom blir gitt heimel til å fastsetja kva for ei relevant omsetning som skal leggjast til grunn for utrekninga av sektoravgifta i eit enkeltvedtak.

#### **Til § 10. Sektoravgift for datasenteroperatørar**

Departementet har tidlegare sendt ut ei tilleggshøyring til endring i ny ekomlov som gir heimel for å påleggja datasenteroperatørar ei registreringsplikt. Det er òg foreslått ei føresegn i ekomloven som gir heimel for at slike tilbydarar skal kunna påleggjast sektoravgift og gebyr. Det blir derfor foreslått at Nkom i sektoravgiftsforskrifta blir gitt heimel til å fatta enkeltvedtak for å henta inn sektoravgift som skal dekkja arbeidet med denne registreringsplikta og tilsyn som skal førast med desse operatørane.

Departementet legg til grunn at det ikkje vil vere behov for Nkom til å føre tilsyn med alle datasenteroperatørar, men at det må først tilsyn med dei viktigaste. Departementet og Nkom har vurdert ulike måtar på korleis dette kan avgrensast; det kan mellom anna gjerast avhengig av allokert elektrisk effekt, omsetning, brukt areal og om datasentera er av ein slik viktigheit at dei er underlagd sikkerhetsloven. De tre første er aleine ulike mål på størrelsen av datasentera, og tek ikkje omsyn til kor kritiske dei er for samfunnet. Vi foreslår derfor å leggje vekt på om operatørane er underlagt sikkerhetsloven eller om dei brukar meir enn ein viss elektrisk effekt. Her foreslår departementet at grensa settast ved 1 MW. Departementet viser elles til merknaden til § 9 om kvifor dei minste aktørane ikkje føreslåast ilagt sektoravgift. Det er førebels usikkert kor mykje ressursar arbeidet vil krevja hos Nkom, men sektoravgifta vil stå i forhold ressursbruken.

Føresegna avheng av at ny ekomlov blir vedteke, og vil ikkje kunne tre i kraft før ny ekomlov trer i kraft.

### **Til § 11. Sektoravgift for tilbydarar av postteneste**

Nkom har med heimel i postlova § 53 første ledd høve til å krevja gebyr og sektoravgift frå tilbydarar av posttenester til dekning av kostnader knytt til forvaltningsoppgåver etter postlova. Sektoravgifta skal dekkja Nkom sine relevante kostnader for arbeid som blir gjort på postsektoren. Det blir foreslått å vidareføra ordninga i gjeldande § 10 som gjer at Nkom i enkeltvedtak kan fastsetje ei sektoravgift for tilbydar av postteneste i samsvar med postloven § 53.

Gjeldande § 10 har ingen føresegner som seier noko konkret om korleis sektoravgifta skal fordelast mellom tilbydarar av posttenester. I praksis har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit lagt til grunn dei same prinsippa for fordelinga som for tilbydarar av elektroniske kommunikasjonstenester, jamfør høyringa av føresegnene frå 4. juli 2016 der det kjem fram at: «Prinsippa i § 9 gjeld tilsvarande for utrekning av sektoravgift for posttenester så langt dei passar.» Departementet ønskjer å vidareføre utgangspunktet og ser behov for å klargjere kriteria som brukast for å fordela sektoravgifta mellom tilbydarar av posttenester. Departementet foreslår ei utforming av § 10 etter same mønster som § 9 om sektoravgift for tilbydarar av elektroniske kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste. Forslaget vil føre til auka transparens og føreseie for aktørane. Eit heilt nytt element vert også foreslått i føresegna. Det går ut på å innføra eitt botnfrådrag for tilbydarar av posttenester.

I *første ledd* er det presisert at Nasjonal kommunikasjonsmyndheit både kan fastsetje ei sektoravgift, «krevja inn» sektoravgifta og det «frå» tilbydar av postteneste, jf. postloven § 53. Departementet foreslår desse endringane for å konkretisere og klargjere kva Nkom faktisk gjer.

*Andre ledd* slår fast at sektoravgifta som skal fordelast mellom tilbydarar av posttenester er samla sektoravgift etter § 2 første ledd nummer 4. Dette er ei vidareføring av andre punktum i gjeldande § 10.

*Tredje ledd* fastset at sektoravgifta skal fordelast forholdsmessig. Kravet om at avgifta skal fordelast forholdsmessig inneber at kvar tilbydar av posttenester skal betale ein del av dette beløpet som svarar til tilbydaren sin del av den samla relevante omsetninga. Relevant omsetning dannar fordelingsgrunnlaget for sektoravgift for tilbydarar av posttenester. Relevant omsetning er posttilbydarens totale omsetning for postsendingar etter postloven. Det er omsetninga for førre kalenderår som er relevant og leggst til grunn. Det er omsetning frå verksemd innanfor lovens geografiske virkeområde som reknast som relevant omsetning, jf. postloven § 3. Tilbydar kan setje ut delar av formidlingskjeda frå innhenting til utlevering til andre (underleverandørar), og det er då

hovudansvarleg for formidlingskjeda som vert sett på som tilbydar av posttenester og som skal rapportere relevant omsetning for posttenestene.

I *fjerde ledd* foreslår departementet å innføra eitt botnfrådrag for tilbydarar av posttenester. Dette sikrar ei ressurseffektiv innkrevjing av sektoravgift og gebyr til Nkom, og innføringa er meint å fremja innovasjon og nyetableringar. Terskelen for å kunne komme inn på marknaden bør være så lav som mogleg for å bidra til økt konkurranse. I tillegg sikrar det at tilbydarar med lav omsetning ikkje påførast ei uforholdsmessig byrde. Nyetablerte føretak er også ei viktig kjelde til nye innovative løysningar. Dette vil òg til ei viss grad medføre ein administrativ innsparing, til dømes ved utrekning, utsending og fakturering. Det anbefalast derfor å skjerme små tilbydarar for avgifter. Departementet føreslår å setje botnfrådraget for tilbydarar av posttenester på 23 millionar kroner. Beløpet er fastsett ut frå dei selskapa som utgjer 97 % av marknaden basert på omsetning i 2021. Dei minste selskapa, som til saman utgjer om lag 3 %, av marknaden, vil dermed ikkje fakturerast.

*Femte ledd* fastset at Nkom kan fordele sektoravgifta etter andre kriteria enn omsetning, for å oppnå ei betre forholdsmessig fordeling av sektoravgifta. Departementet meiner det er naudsynt å ha ein alternativ veg for å fordele sektoravgift dersom omsetning som kriterium ikkje er høveleg for formålet. Eit alternativt kriterium kan til dømes vere volumet av postsendingar.

I *sjette ledd* foreslår departementet at Nkom får ein heimel til nærmare å fastsetja kva for ei relevant omsetning som skal leggjast til grunn for utrekninga av sektoravgifta i eit vedtak. Bakgrunnen for dette behovet er at postlova § 53 gir Nkom heimel til å kunne krevja sektoravgift til «dekning av kostnader knytt til forvaltningsoppgåver etter denne loven». Det saklege verkefeltet til lova er verksemd knytt til regelmessig formidling av registrerte og uregistrerte postsendingar mot vederlag, samt leveringspliktige teneste. Problemstillinga er at tilbydarar av posttenester til dømes kan tilby tenester som grensar opp mot det saklege verkefeltet til lova, til dømes ulike logistikktenester og tilretteleggingstenester. Dette utløyser eit behov for å skilja omsetning som kjem frå postmarknaden, med omsetning som kjem frå verksemd utanfor marknaden og behov for nærmare å fastsetje kva omsetning som skal omfattast eller ikkje. Omsetning som fell utanfor postlova skal ikkje takast med i fastsetjinga av relevant omsetning. Den nærare avgrensinga av kva som er relevant omsetning, vil kunna påverka storleiken på sektoravgifta som skal betalast av tilbydarane, og dermed kunna vera bestemmende for rettar til ein eller fleire bestemte personar, jf. forvaltningslova § 2. For å sikre transparens for tilbydarane og moglegheiter for kommentarar, bør ei slik nærare avgrensing skje i enkeltvedtak. Den nærare avgrensinga kunne ha vore i sjølve forskrifta, men i lys av den raskt skiftande postmarknaden, vil dette vera lite dynamisk. Det blir derfor føreslått at Nkom blir gitt heimel til å fastsetja kva for ei relevant omsetning som skal leggjast til grunn for utrekninga av sektoravgifta i eit enkeltvedtak.

#### **Til § 12. Gebyr for radioamatørløyve**

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett § 11.

#### **Til § 13. Sektoravgift og gebyr for sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio og lågeffektssystem**

Departementet foreslår nokre mindre endringar i gjeldande § 12 for å følgja systemet i forskrifta elles. Mellom anna foreslår departementet å framheva at det er innehavar av løyve som skal betala sektoravgift og gebyr.

Departementet føreslår også ein mindre auke i prisen for ein-frekvenskanal etter andre ledd slik at han blir i tråd med dei reelle kostnadane Nkom no har for det faktisk arbeide



med å tildela slike kanalar. Gebyret for ein-frekvenskanal etter andre ledd har ikkje blitt endra sida forskrifta vart vedteken i 2017.

Nkom tildeler årleg ei rekkje løyve til bruk av frekvensar som skal nyttast ein kort periode. Dette kan til dømes vera til bruk under konsertar eller idrettsarrangement, men òg til aktørar som har behov for PMR-samband ved kortvarige oppdrag på ulike geografiske lokasjonar som entreprenørar og andre. Innehavarar av slike mellombelse løyve har ikkje betalt sektoravgift eller gebyr til no.

Omfanget av slike løyve har auka med tida, og departementet er derfor av den oppfatninga at også innehavarar av mellombelse løyve bør vera med å finansiera Nkom sitt arbeid med dette.

Gjeldande § 12 andre og tredje ledd blir nytt andre ledd i føresegna. Departementet føreslår å ta inn eit nytt tredje ledd der det går fram at innehavarane av mellombelse løyve skal betala gebyr ved tildeling av slike løyve. Gebyret skal dekkja Nkom sin ressursbruk med sakshandsaming av slike løyve. Den faktiske ressursbruken til Nkom vil avhengja noko av mengda kanalar det blir søkt om, sjølv om noko av arbeidet vil vera likt for alle slike løyve. Departementet føreslår derfor at dei som skal betala gebyr for løyve med kort varigheit etter § 13, skal betala eit fast gebyr for kvart løyve, i tillegg til eit gebyr for kvar kanal løyvet gjeld.

#### **Til § 14. Sektoravgift og gebyr for sendarløyve i frekvensband over 30 MHz som er planlagt for kringkasting**

Departementet føreslår å fjerne reguleringa i gjeldande føresegn § 13 første ledd, som gjeld riksdekkjande FM- kringkastingsnett. Riksdekkjande FM-nett er ikkje lenger i bruk, og denne kategorien vart fjerna frå tabellen i tredje ledd av same grunn i 2019. Ved ein inkurie vart ikkje reguleringa i første ledd fjerna den gongen.

Vidare føreslår departementet å flytte regulering av sektoravgift for kringkastingsnett som nyttar frekvensar under 30 MHz til § 16. Sektoravgifta vil då bli fastsett ved enkeltvedtak. I praksis er det berre eit løyve som nyttar langbølge (AM), som fell inn under denne kategorien i dag. Det er ikkje venta vesentlege endringar i storleiken på sektoravgifta eller omfattande auke i talet på slike løyve som følgje av denne endringa i regulering. Endringa vil gi Nkom større moglegheit til å setja storleiken på sektoravgifta i høve til faktisk ressursbruk på området.

Som følgje av at reguleringa av riksdekkjande FM-kringkastingsnett og kringkastingsnett som nyttar frekvensar under 30 MHz er føreslått teken ut av føresegna samanlikna med gjeldande rett, meiner departementet at det ikkje lenger er behov for tabellen i gjeldande tredje ledd. Departementet føreslår i staden at reguleringa av pris for kvart nett og prisane for kvar sendar, blir slegne saman til eitt ledd, og at prisane avhengig av sendareffekt følgjer av ei punktliste, framfor ein tabell.

Som for Profesjonell Mobil Radio (PMR), tildeler Nkom årleg ei rekkje løyve på FM-frekvensar som skal nyttast i ein kort periode. Nkom har gitt dei som har fått kortidskonsesjon frå Medietilsynet, eit generelt løyve i forskrift 19. januar 2021 nr. 77 om generelle løyve til bruk av frekvensar (fribruksforskrifta) til å bruka ein bestemt FM-frekvens. I slike tilfelle betaler ikkje den som bruker frekvensen, gebyr eller sektoravgift til Nkom, og dette er ikkje føreslått endra. Dei som har behov for individuelle løyve på frekvensar planlagde for kringkastingstenester, betaler derimot sektoravgift i dag.

Til no har innehavarar av slike kortvarige, individuelle løyve betalt årleg sektoravgift etter gjeldande § 13 andre og tredje ledd. Etter gjeldande § 4 andre ledd skal den som får løyve etter 1. juli, betale ein halv sektoravgift. Ein innehavar av eit løyve til eit arrangement som finn stad før 1. juli, betaler derfor det dobbelte av ein innehavar av eit løyve til eit

arrangement etter 1. juli. Regelen i gjeldande forskrift § 4 andre ledd fører etter departementet si oppfatning til ein urimeleg forskjellsbehandling av innehavarar av slike kortvarige løyve.

Departementet føreslår derfor å innføra gebyr for kortvarige løyve i forslag til § 14 *andre ledd*, i staden for sektoravgift. Gebyr er etter § 4 fjerde ledd eingongsgebyr og skal dekkja ressursbruken Nkom har med handsaming av søknad om løyve. Der ressursbruken til Nkom med mellombelse løyve til PMR kan variera stort avhengig av omfanget av løyvet, er det mindre variasjon i Nkom sin ressursbruk ved tildeling av mellombelse løyve på FM-frekvensar. Departementet føreslår derfor eit fast gebyr for slike løyve.

#### **Til § 15. Sektoravgift for sendarløyve som ikkje fell inn under § 13, § 14 og § 17**

Føresegna gjeld sektoravgift for andre sendarløyve enn dei som fell inn under § 13 § 14 og § 17. Føresegna vidarefører gjeldande rett. Departementet foreslår å synleggjere at føresegna ikkje gjeld sendarløyve som det blir betalt sektoravgift for etter § 17, i tillegg til at ho ikkje gjelde sendarløyve som fell inn under § 13 og § 14. Dette følgjer allereie av systemet i forskrifta i dag, men har ikkje gått tydeleg fram av § gjeldande rett § 14. Departementet føreslår i tillegg ei presisering i *første ledd* av kva det skal betalast sektoravgift for når det gjeld jordstasjonar for satellitt.

I *andre ledd* føreslår departementet endringar i det som i dag er regulert i § 14 fjerde og femte ledd. Det er behov for å få tydelegare fram kven som skal betala sektoravgift etter tabellen i fjerde ledd. I tillegg føreslår departementet at det blir innført nye kategoriar etter kva bandbreidde løyva gjeld, i tabellen i tredje ledd, og det er sett nye prisar ut frå dette. Jo meir bandbreidde ein søkjer om innanfor dei ulike frekvensbanda, jo meir arbeid har Nkom med å planleggja frekvensbruken for i størst mogleg grad å unngå skadeleg interferens. Endringa er derfor føreslått av omsyn til at sektoravgifta skal reflektera Nkom sin ressursbruk med dei ulike løyva i større grad enn i dag.

Departementet føreslår òg ei språkleg presisering i *tredje ledd* av det som i gjeldande rett følgjer av fjerde og femte ledd, når det gjeld bruk av MIMO-teknologi. Ved bruk av slik teknologi nyttar innehavar fleire berebølgjer med same senterfrekvens, polarisasjon og bandbreidde mellom to punkt. Slik bruk fører ikkje til meir ressursbruk for Nkom ved handsaming av søknadane, og innehavar skal derfor heller ikkje betala sektoravgift for meir enn éin sendar på kvart sendarpunkt i slike tilfelle.

#### **Til § 16. Sektoravgift for spektrumsløyve**

Departementet føreslår ei rekke språklege endringar i føresegna samanlikna med § 15 i gjeldande rett. Slik føresegna er utforma i dag, er det vanskeleg å forstå utrekninga som er gjort for å koma fram til kva innehavarane skal betala i sektoravgift for kvart løyve. I føresegna § 16 er derfor føreslått ein meir grundig gjennomgang av utrekninga i forskriftsteksta.

*Første ledd* bruker i dag omgrepet «sektoravgift» om det samla beløpet som skal krevjast inn frå innehavarar av spektrumsløyve, medan dette omgrepet elles i forskrifta blir nytta om det beløpet den enkelte skal betala. Presiseringa er meint å gjera det tydeleg kva som er meint her.

I *andre ledd* føreslår departementet å tydeleggjere at sektoravgifta består av to delar. For det fyrste ein del som er lik for kvar samanhengande frekvensblokk innehavar har. Og for det andre ein variabel del som avheng av Nkom sin ressursbruk med tildeling og oppfølging i dei ulike frekvensbanda, bandbreidda for det aktuelle løyvet og om løyvet er nasjonalt eller regionalt.

Departementet legg til grunn at Nkom vil bruka om lag like mykje ressursar på den

kommande tildeling av 1500 MHz- og 26 GHz-banda som på andre frekvensband som inngår i offentlege mobilnett, både når det gjeld planlegging, internasjonalt arbeid, tildeling og tilsyn. Departementet føreslår derfor i *tredje ledd* å auka vekta for desse frekvensbanda i tabellen, slik at sektoravgifta som vil bli henta inn i desse frekvensbanda, blir tilnærma lik det som blir tatt inn i sektoravgift i dei andre mobilbanda. Dette bidrar til ei rimeleg fordeling mellom dei som har frekvensar i dei aktuelle frekvensbanda. Med ei vekt på 6, vil sektoravgifta for eit løyve på 800 MHz i 26 GHz-bandet vera tilnærma lik sektoravgifta for eit løyve på 2 x 10 MHz i 700 MHz-bandet. For 1500 MHz-bandet er vekta sett til 2,5 for at innehavarane skal betala om lag det same som for ei tilsvarende frekvensmengd i 3,6 GHz-bandet. Dersom vekta i 1500 MHz- og 26 GHz-banda ikkje vert endra, vil total sektoravgift frå dei som har frekvensar i desse banda, vera høvesvis om lag 600 000-650 000 kroner og 550 000-600 000 kroner i 2024. Til samanlikning vil det bli henta inn 3 181 170 kroner i sektoravgift frå dei som har spektrumsløyve i 700 MHz-bandet i 2023.

I tillegg føreslår departementet å justera to av frekvensbanda som går fram av tabellen. Dette gjeld 900 MHz-bandet og 2,1 GHz-bandet der det i dagens forskrift er tatt med frekvensar frå høvesvis 870–876 MHz og 1900–1920 MHz som det er gitt generelle løyve til å ta i bruk etter fribruksforskrifta. Det blir ikkje tatt inn sektoravgift for bruk av desse frekvensane etter fribruksforskrifta, og derfor er det ikkje naudsynt å regulera dette her.

#### **Til § 17. Andre sektoravgifter og gebyr for frekvensløyve og koordinering av satellittsystem**

Departementet føreslår å endra tittelen i føresegna for at han skal reflektera områda det blir henta inn sektoravgift for etter føresegna. Vidare føreslår departementet å ta inn ei opplisting i *første ledd* for å gjera innhaldet meir oversynleg.

Som omtalt under merknadene til § 14, føreslår departementet at sektoravgifta for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester med sendarar i frekvensband lågare enn 30 MHz, skal bli fastsett ved enkeltvedtak. Dette er derfor føreslått tatt inn i § 17 første ledd.

Departementet føreslår også at sektoravgifta for sendarløyve for lokale, private nett i 3800–4200 MHz- bandet og 26 GHz-bandet skal bli fastsett ved enkeltvedtak. Nkom har starta å tildele løyve for dette i 3800–4200 MHz-bandet i 2023. Det vurderast også å legge til rette for tildeling av slike løyve i 26 GHz-bandet på sikt, og det er difor ynskjeleg å ta inn dette bandet i forskrifta no. Det er vanskeleg å vurdere kor omfattande Nkom sitt arbeid med slike løyve vil bli. Dette vil avhenga av interesse frå aktørane og kor omfattande arbeidet med dei einskilde søknadene blir. Det er ynskjeleg at ekommyndigheita får samla seg erfaring med denne typen løyve i den fyrste perioden slike løyve blir tildelte, slik at ein på sikt har betre grunnlag for å utforma meir konkrete utrekningsmodellar som kan takast inn i forskrifta.

#### **Til § 18. Sektoravgift og gebyr for løyve for aeromobilt radioutstyr**

Departementet føreslår å endra storleiken på sektoravgifta for aeromobilt utstyr etter *andre til fjerde ledd*. Nkom sin ressursbruk med dei ulike løyva som innehavarane skal betala sektoravgift for etter desse ledda, er nokså lik, og det er ikkje grunnlag for å setja ulike prisar for desse kategoriane løyve. Endringa bidrar til ei rimelegare fordeling av sektoravgifta mellom dei som har løyve til aeromobilt radioutstyr.

#### **Til § 19. Sektoravgift for personleg nødpeilesendar**

Departementet foreslår at sektoravgifta for personleg nødpeilesendar vert sett ned frå kr. 500 til kr. 470, som følgje av at Nkom har effektivisert arbeidet med forvaltningsområdet.

Det krev eit lågare pådrag av ressursar enn tidlegare.

#### **Til § 20. Sektoravgift for registrert leverandør eller radioforhandlar**

Departementet foreslår at sektoravgifta for leverandør av radio- og terminalutstyr vert sett ned frå kr. 9 400 til kr. 9 000, og at sektoravgifta for registrert radioforhandlar vert sett ned frå kr 2 010 til kr 1 900. Det følgjer av at Nkom har effektivisert arbeidet med forvaltningsområdet, som krev eit lågare pådrag av ressursar enn tidlegare.

Merk elles at departementet foreslår å ikkje vidareføre gjeldande § 21 om andre sektoravgifter eller gebyr fordi Nkom ikkje godkjenner radio- og terminalutstyr. Det er derfor ikkje grunn til å regulera at det kan takast inn sektoravgift for dette.

I tillegg meiner departementet at det ikkje er behov for formulering om at innehavarar av løyve til anna radioutstyr enn aeromobilt utstyr og nødpeilesendarar, skal betala sektoravgift og gebyr. Nkom har ikkje tildelt slike løyve, og det har ikkje blitt tatt inn sektoravgift for dette til no. For det tilfellet at det skulle bli aktuelt å tildela slike løyve på eit seinare tidspunkt, gir [ekomlova § 12-1] Nkom heimel til å fastsetja sektoravgift eller gebyr i slike tilfelle uavhengig av forskrifta. Sektoravgifta eller gebyr vil i slike tilfelle òg bli sett ved enkeltvedtak.

#### **Til § 21. Sektoravgift for autorisert verksemd**

Forskrift om autorisasjon for installatør av elektronisk kommunikasjonsnett og radioutstyr (autorisasjonsforskriften) set krav til at verksemd skal ha autorisasjon for å kunne installere og halde ved like radioutstyr og offentlege og private ekomnett. § 21 fører vidare gjeldande forskrift § 20 om at autorisert verksemd skal betale sektoravgift til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit.

Departementet føreslår endringar av språkleg karakter. Ordlyden i paragrafen blir endra frå sektoravgift for autorisert verksemd til sektoravgift for ein autorisasjon. Dette er ei presisering av kva det skal betalast for, men medfører inga materiell endring.

Departementet foreslår at sektoravgifta for autorisert verksemd vert sett ned frå kr. 5 640 til kr. 5 000, som følgje av at Nkom har effektivisert arbeidet med forvaltningsområdet. Det krev eit lågare pådrag av ressursar enn tidlegare.

#### **Til § 22, 23 og 24. Unntak, klageinstans og sanksjonar**

Føresegna er ei vidareføring av §§ 22, 23 og 24 i gjeldande forskrift.

#### **Til § 25. Iverksetjing**

Departementet foreslår at forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2024 med unntak av einskilde føresegner som tek til å gjelde frå den tid departementet fastset. Dette gjeld føresegner som har samanheng med forslag til ny ekomlov

## **4. Økonomiske og administrative konsekvensar**

### **4.1. Forslag til ny ekomlov § 17-1 fyrste ledd**

Kostnader knytt til utføringa av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheits forvaltningsoppgåver blir i samsvar med dei årlege budsjettvedtaka frå Stortinget finansiert gjennom pålegg om sektoravgifter og gebyr. Blant forvaltningsoppgåvene som kan finansierast på denne måten er kostnader knytt til sektorspesifikt tilsyn med aktørar i marknader for utstyr for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester, datasenteroperatørar, aktørane i marknader for radio- og terminalutstyr og oppgåver

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit gjer knytt til forvaltning av frekvens-, nummer-, namne- og adresseressursar. Mykje av arbeidet som Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit utfører etter føresegna om sikkerheit i ekomloven og som sektormyndigheit etter sikkerhetsloven, grip inn i kvarandre. Departementet foreslår derfor at det blir innteken ein heimel til å pålegge sektoravgift og gebyr for oppgåvene som Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit utfører som sektormyndigheit for ekomsektoren og datasenternæringa etter sikkerhetsloven.

Krava til sikkerheit og beredskap i ekomloven og sikkerhetsloven utfyller kvarandre og arbeidde med innhenting av informasjon, og tilsynsførsel er i ei viss grad overlappende. Når Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit fører tilsyn eller held øvingar med tilbydarar underlagt sikkerhetsloven blir dette utført etter både sikkerheitsreglane i ekomloven og sikkerhetsloven. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sitt arbeid med grunnleggjande nasjonale funksjonar, skadevurdering og rettleiing etter sikkerhetsloven vil likevel vera reine sikkerhetslovaktivitetar. I tida framover ventast ressursbehovet å auke noko mellom anna fordi arbeidde med datasenteraktørar og grunnleggjande nasjonale funksjonar har starta.

## 4.2. Sektoravgiftforskrifta

Som nemnt under merknadene til § 2, foreslår departementet å endra dei prosentvise satsane som gjeld forvaltningsområda. Departementet foreslår å auka delen som vert betalt i sektoravgift etter § 2 andre ledd nummer 1, frå 48,2 til 53,7 prosent. Auken gjeld for det alt vesentlegaste noverande § 9 – tilbydar av elektroniske kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste, med frådrag av sektoravgift som skal påleggjast datasenteroperatørar. Gitt 2023-løyvinga utgjer auken om lag 15 mill. kroner, noko som vil seia ein auke på om lag 11 prosent.

Departementet foreslår å auke delen som blir betalt i sektoravgift etter § 2 andre ledd nummer 4, frå 2,8 til 3,4 prosent. Gitt 2023-løyvinga utgjer dette om lag 1,6 mill. kroner, noko som vil seia ein auke på om lag 21 prosent for nummer 4.

Nkom har over tid arbeidd med å effektivisera handteringa av frekvensløyve og andre løyve, noko som gjer at ressursbruken knytt til dette arbeidet er redusert. Departementet foreslår å redusera delen som vert betalt i sektoravgift etter § 2 andre ledd nummer 2, frå 40,6 til 35,5 og etter § 2 andre ledd nummer 3 frå 8,4 til 7,4 prosent. Dette heng saman med auken knytt til nummer 1 og 4. Auken i sektoravgift etter nummer 1 blir dermed i ei viss grad utlikna ved redusert sektoravgift for frekvensløyve (nummer 2).

Forslaget om gebyr for kortvarige sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio, innebar at nokre nye aktørar må betala gebyr. I dag er det innehavarar av ordinære sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio som finansierer arbeidet Nkom gjer med dei kortvarige løyva. Departementet meiner det er rimeleg at innehavarane av dei kortvarige løyva finansierer Nkom sitt arbeid med dette. Gebyret er meint å dekkja Nkom sitt arbeid med slike løyve, og nivået på gebyret vil ikkje vera ei stor økonomisk belastning på innehavarane av dei kortvarige løyva. Innkrevjing av gebyr for kortvarige løyve inneber noko meir administrasjon for Nkom, og dette vil bli dekt av det Nkom tar inn i gebyr for desse løyva. Innehavarar av kortvarige sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester betaler sektoravgift for slike løyve i dag. Som omtalt ovanfor, fører dette til at ein innehavar betaler meir for eit løyve som gjeld i første halvår, enn eit løyve som gjeld i andre halvår, sjølv om Nkom sitt arbeid med desse løyva er nokså likt. Forslaget om å innføra gebyr for slike løyve er meint å fjerna denne utilsikta forskjellen når det gjeld

betaling for dei kortvarige løyva. Dette er tatt høgd for ved utrekning av gebyret, slik at aktørane vil betala litt mindre for løyve i første halvår og litt meir for løyve i andre halvår samanlikna med slik forskrifta er i dag. Endringa er ikkje meint å gi Nkom høgare inntekter frå innehavarar av slike kortvarige løyve.

Forslaget om at sektoravgift for løyve i frekvensband under 30 MHz som er planlagt for kringkastingstenester skal fastsetjast ved enkeltvedtak og ikkje etter § 14, er ikkje meint å føra til vesentlege endringar i sektoravgifta for slike løyve. Sektoravgifta skal som for andre løyve reflektere arbeidet Nkom har med slike løyve.

Innføring av nye kategoriar av sendarløyve ut frå bandbreidde i tabellen i § 14, inneber at innehavarane av løyve i kategoriane med dei største bandbreiddene må betala litt meir i sektoravgift enn i dag. Endringa vil bidra til at fordelinga av kostnadene mellom aktørane vert meir nøyaktig ut frå arbeidet Nkom har på dette området. Det er meir arbeid for Nkom med sendarløyve med stor bandbreidde enn løyve med mindre bandbreidde. Endringa fører ikkje til store forskjellar i kva den einskilde innehavaren skal betala i sektoravgift, samanlikna med kva dei betalar etter forskrifta i dag.

Forslaget om endra vekt for einskilde frekvensband i tabellen i § 15 vil bety ein auke i sektoravgift for dei som får løyve i dei aktuelle frekvensbanda samanlikna med dagens situasjon. Auken fører som omtalt ovanfor til at innehavarane i desse frekvensbanda dekkjer opp for kostnadene Nkom har ved å forvalta ressursane, og vil gi ei meir riktig fordeling av sektoravgift mellom innehavarane av spektrumsløyve.

Nkom startar med tildeling av sendarløyve for lokale, private nett frå og med 2023. Dette fører til meir arbeid for Nkom, og departementet meiner det er rimeleg at det blir tatt inn sektoravgift for dette frå innehavarane. Nkom si totale finansiering vil ikkje bli større av den grunn. Sektoravgifta for andre frekvensløyve og for koordinering av satellittsystem vil bli redusert, slik at Nkom ikkje tar inn meir i sektoravgift enn den delen som fell inn under § 2 første ledd nummer 2.

Endringa som er føreslått i § 18 andre til fjerde ledd, inneber som omtalt ovanfor at det blir ei meir lik fordeling mellom dei ulike kategoriane av løyve. Nkom vil ikkje ta inn meir i sektoravgift etter § 18, men fordelinga i sektoravgift mellom innehavarane vil bli endra. Det er ikkje føreslått noka stor endring, men sektoravgifta vil auka noko for nokre innehavarar og reduserast noko for andre. Endringa vil føra til ei meir rimeleg fordeling av sektoravgifta på innehavarane basert på arbeidet Nkom har med løyva i dag.